

Bestått fagprøve og tilbud om jobb på SPAR.

25.08.2020



På fredag gjekk Eirik Skogseth opp til fagprøven på SPAR. Prøvenemnda var Anders Fosse og Øystein Vik.

**Eirik Skogseth (22 år) gjekk opp til fagprøven sist veke etter å ha vore lærling på SPAR i to år. Dagen etter bestått prøve fekk han tilbud om fast jobb. Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg har vore veiledarar. Representant frå Matindustriens daglegvare i Norgesgruppen har 6. kvar veke hatt oppfylgjing fram mot ferdig fagprøve. Prøvenemnda var Anders Fosse og Øystein Vik.**

Eirik Skogseth starta læretida si på SPAR i august 2018. Tysdag sist veke fekk han oppgåva og nokre dagar etterpå gjekk han opp til praktisk og teoretisk prøve i handelsfaget. Den praktiske delen var det ein kallar for ei eksponering. Oppgåva var å tinga inn og plassera ei vare i ei temahylle. Han valde kaffi som vare. Til oppgåva høyrde det å laga budsjett med alle kostnader som føl med.



Eirik syner d me p  ei temahylla med kreative tekstar.

Den teoretiske og skriftlege delen var delt inn i tre oppg ver med mellom anna frittvalde produkt for salg og finna forbetringar i prosessen for   oppn  fortjeneste og unng  svinn. Han svara ogs  p  kva som m  til for   fylgja i vare fr  varemottak, kvalitetssikra at alt er i samsvar med fraktsetelen til plassering i hylla og til vara g r ut av butikken. Databruk og statistikkf ring er ein viktig del av utdanninga.

Eirik er godt n gd med tida si p  SPAR. Han har vore ein l rande organisasjon det det alltid har vore lett   sp rja om hjelp og rettleiing. Varene i hylla Sm godt er hans ansvar med tingingar, varepresentasjon og rydd og orden i hyllene. Elles har han vore innom alle avdelingane som til d mes frukt, t rrvarer, ferskvarer, frys og kasse. Varer som alkohol, tobakk, skrapelodd og energidrikke, med krav om aldersgrense, vil alltid vera krevjande. Post i butikk og Tipping h yrer ogs  med.

Eirik Skogseth legg vekt p  den personlege utviklinga p  desse  ra. Han var i utgangspunktet beskjeden og ein noko lukka person. No er han open og meir trygg p  seg sj lv.   arbeid i butikk er eit folkeyrke. I m te med kundane og menneske i ulike situasjonar m  ein vera roleg og alltid h ffleg.

Uskedalen.no seier til lukke med best tt fagpr ve og tilbodet om fast jobb p  SPAR.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: SPAR / Kristian Bringedal



Smågodt, innkjøp og eksponering er mellom anna Eirik sitt ansvar i butikken i dag.